Lom

# Dagsenter for heimebuande personar med hukommelsessvikt



Målsettinga for dagsentertilbodet er å gje brukerane ei oppleving av meistringsfulle aktivitetar, sosialt samver, trivsel og tryggleik. Aktivitane skal vera med å halde funksjonsvivået til brukarane ved like. Tilbodet kan fungere som avlasting for pårørande.





Dagsentereter for personar som bur heime, har demensdiagnose eller er under utredning for hukommelsessvikt. Det skal bidra til meiningsfulle dagar. Kvar enkelt skal få holde på med aktivitetar ein sjølv likar og opplev som nyttige.

**Daglige aktivitetar kan vera:**

- Matlaging og baking med felles måltid etterpå
- Kortspel, bingo, songstund og høgt lesing
- Enkelt handarbeid som strikking, snikring og måling
- Turar, ballspel eller annan form for bevegelse
- Hagestell og ved-arbeid
- Kontakt med dyr
- Sjå på gamle bilete, natur- og musikkprogram
- Bilturar
- Sesongbaserte aktivitetar som til dømes å så, plante og plukke bær







**Dagsenteret er ope måndagar, tysdagar og torsdagar kl. 10:00 til 14:00.**

Dagsenteret held stengt i høgtider og på heilagdagar.
Brukar blir henta og bringa i kommunal bil.
Dagen tek til og blir avslutta med eit måltid.

**Dagsplan:**
kl.10:00 - Brukarar kjem
kl.10:00 - 10:30 Frokost
kl.10:30 - 13:30 Aktivitetar
kl.13:30 - 14:00 Middag
kl.14:00 - Heimreise



Det er heile tida to tilsette til stades. Hukommelsekoordinatoren har det faglege ansvaret. Dagsenteret ligg organisatorisk under heimesjukepleia. Dagsenteret held til i «Pensjonatet» ved sidan av Lom helseheim.

Har du spørsmål eller treng å få kontakt med dagsenteret så ring: 48165524



**Plass ved dagsenteret**

For å få plass på dagsenteret må det søkjast om teneste ved å fylle ut søknadsskjema som gjeld kommunale pleie- og omsorgstenestene.

Tildelingskontoret for Lom og Skjåk handsamar søknaden.

Søknadsskjema finn du under omsorgstenester på nettsida til Lom kommune: www.lom.kommune.no

Søknaden skal sendast til Tildelingskontoret for Lom og Skjåk, Moavegen 30, 2690 Skjåk
tildelingskontoret@skjaak.kommune.no



